

Vil dere gi barn og unge framtid og håp?

Kjære menighetsråd!

Kirkens globale oppdrag utfordrer oss alle til å koble den lokale og globale kirke tettere sammen.

Sammen med partnere i nærmere 20 land jobber NMS for å utrydde fattigdom, bekjempe urettferdighet og dele troen på Jesus.

I de fleste land NMS har samarbeidspartnere i, støttes prosjekter som innebærer skole og utdanning. Det er fordi skole og utdanning er en av nøklene til en framtid med håp og muligheter.

Utdanning gir barn og unge selvtillit, kunnskap og utrustning til å møte utfordringer, og det bidrar til trygghet og utvikling.

Det er et sentralt verktøy for å redusere fattigdom, løse konflikter, skape fred og bidra til å redusere klimaendringer.

Vil dere bli med og gi medmennesker verdig liv og varig håp?



Vennlig hilsen

Helge S. Gaard

Helge S. Gaard

GENERALSEKRETÆR NMS



Film om
[hva vi gjør](#)



NMS jobber for å nå målene på flere måter.

Skole og utdanning:

- Barnehage/førskole for fattige barn
- Stipend til skolegang og utdanning, der fattige og marginaliserte prioriteres
- Yrkesopplæring for fattige/marginaliserte
- Bygging av skoler i utkantstrøk
- Lese- og skriveopplæring for voksne
- Opplæring i privatøkonomi og å skape seg egen inntekt, inkludert spare- og lånegrupper

Sammen forandrer vi verden!

Forbønn:

Gode Gud. Vi ber om at pengene som er samlet inn her i dag skal bidra til at din kirke på jorden vokser og at mennesker får oppleve godhet og håp i sine liv.

Vi ber for NMS og arbeidet som skjer gjennom samarbeidspartnere rundt om i verden. Takk for at vi, sammen med hele din kirke, kan få bidra til å dele troen på Jesus, utrydde fattigdom og bekjempe urettferdighet. Vi ber deg; la ditt rike komme, på jorden slik som i himmelen. Amen

Kunngjøringstekst/offertekst:

NMS (Det Norske Misjonsselskap) arbeider med å dele troen på Jesus, utrydde fattigdom og bekjempe urettferdighet.

Frivillige og ansatte jobber for å støtte prosjekter som våre samarbeidspartnere driver i nær 20 land.

Vi vil gi medmennesker verdig liv og varig håp.

Eksempel på prosjekt



MADAGASKAR: Kirken driver her et prosjekt som jobber med inkludering av barn med funksjonsnedsettelse i vanlig skole. På Madagaskar, som i mange land, er det å få barn med en funksjonsnedsettelse forbundet med skam. Barna kan bli både diskriminert og gjemt bort. Derfor er dette prosjektet viktig. Mange barn har fått nye muligheter, og per nå har 211 skoler implementert arbeidet. Foto: Pierrot Men



THAILAND: Mange barn som bor i Klong Toey-området i Bangkok, vokser opp i voldelige og utrygge hjem. De får ikke utdanning, og kan fort få problemer med rus, kriminalitet eller prostitusjon. Lovsangshjemmet barnehage drives av kirken, og her får barna omsorg og trygghet. De får lære, spise og hvile. Omsorgen de får her kan få ringvirkninger for resten av livet. Her får barn lov til å være barn. Og anledning til å skaffe seg en framtid med muligheter. Foto: Maria Indrøy Risanger



MIDTØSTEN: Den kristne arabiske TV-kanalen SAT-7 lager et variert program med filmer, dokumentarer, gudstjenester, talk-shows, spesialprogram for kvinner, egne program for ungdom, egen TV-stasjon for barn, skolefaglig undervisning for flyktningbarn med mer. Målet er å gi kristne en trygg plass å motta Guds ord. Alle programmene er produsert av og for Midtøstens befolkning og er kulturelt relevante, religiøst og politisk sensitive. Sendingene er fordelt på flere kanaler og går hele døgnet på arabisk, tyrkisk og farsi. Foto: SAT-7

Les mer her for inspirasjon fra flere samarbeidsland:

[Materiell for Sammen som kirke i hele verden 2025 - NMS - NMS](#)

Ved spørsmål kontakt: May Lisbeth Hovlid Aurdal, mayha@nms.no, 45224738

utrydder fattigdom 

deler troen på Jesus 

bekjemper urettferdighet 

Vil de gi barn og unge framtid og håp?

Kjære sokneråd!

Kyrkja sitt globale oppdrag utfordrar oss alle til å kople den lokale og globale kyrkja tettare saman.

Saman med partnerar i nær 20 land jobbar NMS for å utrydde fattigdom, kjempe mot urettferd og dele trua på Jesus.

I dei fleste land NMS har samarbeidspartnarar i, får prosjekt som inneber skule og utdanning, støtte. Det er fordi skule og utdanning er ein av nøklane til ei framtid med håp og moglegheiter.

Utdanning gir barn og unge sjølvtilitt, kunnskap og utrusting til å møte utfordringar, og det bidreg til tryggleik og utvikling.

Det er eit sentralt verktøy for å redusere fattigdom, løyse konflikhtar, skape fred og bidra til å redusere klimaendringar.

Vil de bli med og gi medmenneske verdig liv og varig håp?



Venleg helsing

Helge S. Gaard

Helge S. Gaard

GENERALSEKRETÆR NMS



Film om
[kva vi gjer](#)



NMS jobbar for å nå måla på fleire måtar.

Skule og utdanning:

- Barnehage/førskule for fattige barn
- Stipend til skulegang og utdanning, der fattige og marginaliserte blir prioriterte
- Yrkesopplæring for fattige/marginaliserte
- Bygging av skular i utkantstrøk
- Lese- og skriveopplæring for vaksne
- Opplæring i privatøkonomi og å skape seg eiga inntekt, inkludert spare- og lånegrupper

Saman forandrar vi verda!

Forbøn:

Gode Gud. Vi ber om at pengane som er samla inn her i dag skal bidra til at di kyrkje på jorda veks og at menneske får oppleve godleik og håp i liva sine.

Vi ber for NMS og arbeidet som skjer gjennom samarbeidspartnarar rundt om i verda. Takk for at vi, saman med heile di kyrkje, kan få bidra til å dele trua på Jesus, utrydde fattigdom og kjempe mot urettferd. Vi ber deg; la ditt rike kome, på jorda slik som i himmelen. Amen

Kunngjeringstekst/Offertekst:

NMS (Det Norske Misjonsselskap) arbeider med å dele trua på Jesus, utrydde fattigdom og kjempe mot urettferd.

Frivillige og tilsette jobbar for å støtte prosjekt som våre samarbeidspartnarar driv i nær 20 land. Vi vil gi medmenneske verdig liv og varig håp.

Eksempel på prosjekt



MADAGASKAR: Kyrkja driv her eit prosjekt som jobbar med inkludering av barn med funksjonsnedsetjingar i vanleg skule. På Madagaskar, som i mange land, er det å få barn med ei funksjonsnedsetjing forbunde med skam. Barna kan bli både diskriminert og gøymt bort. Derfor er dette prosjektet viktig. Mange barn har fått nye moglegheiter, og per nå har 211 skular implementert arbeidet. Foto: Pierrot Men



THAILAND: Mange barn som bur i Klong Toey-område i Bangkok, veks opp i valdelege og utrygge heimar. Dei får ikkje utdanning, og kan fort få problem med rus, kriminalitet eller prostitusjon. Lovsangshjemmet barnehage blir drive av kyrkja, og her får barna omsorg og tryggleik. Dei får lære, ete og kvile. Omsorga dei får her kan få ringverknadar for resten av livet. Her får barn lov til å vere barn. Og anledning til å skaffe seg ei framtid med moglegheiter. Foto: Maria Indrøy Risanger



MIDTØSTEN: Den kristne arabiske TV-kanalen SAT-7 lagar eit variert program med filmar, dokumentarar, gudstenester, talk-shows, spesialprogram for kvinner, eigne program for ungdom, eigen TV-stasjon for barn, skulefagleg undervisning for flyktningbarn med meir. Målet er å gi kristne ein trygg stad å motta Guds ord. Alle program er produsert av og for Midtausten si befolkning og er kulturelt relevante, religiøst og politisk sensitive. Sendingane er fordelt på fleire kanalar og går heile døgnet på arabisk, tyrkisk og farsi. Foto: SAT-7

Les meir her for inspirasjon frå fleire samarbeidsland:

[Materiell for Sammen som kirke i hele verden 2025 - NMS - NMS](#)

Ved spørsmål kontakt: May Lisbeth Hovlid Aurdal, mayha@nms.no, 45224738

utrydder fattigdom 

deler troen på Jesus 

bekjemper urettferdighet 